Studieforbundet kultur og tradisjon
Vågå Næringshage
2680 Vågå
tlf 61 21 77 50
post@kulturogtradisjon.no
www.kulturogtradisjon.no

Til medlemsorganisasjonene, organisasjoner med samarbeidsavtale og fylkesledd

# VÅR DAG - STUDIEFORBUNDET 25 år, feiring og årsmøte 30 mai 2022

**Innkalling til årsmøtet i Studieforbundet kultur og tradisjon**
**30 mai 2022 kl. 10-16.00**

Årsmøte i Studieforbundet kultur og tradisjon arrangeres på Telegrafen, Kongens Gate 21 Oslo. Det vil være mulig å delta digitalt som observatør.

Sakliste:

1. Åpning og konstituering
2. Årsmelding 2021
3. Regnskap 2021
4. Strategi og virksomhetsplan 2022-2025, orientering
5. Budsjett 2023
6. Valg

I år har vi inviterer vi til en dag med foredrag, årsmøte, aktiviteter, god lunsj og bursdagsfeiring. Se vedlagte program. Dagen skal være til inspirasjon, skape godt fellesskap og både gjøre opp status for 2021 samt gjøre vedtak for året som kommer.

Stemmefordeling på møtet er;

| Organisasjon | Antall timer 2020 | Antall stemmer |
|---|---|---|
| Folkeakademienes Landsforbund | 295 | 1 |
| Forbundet KYSTEN | 3 838 | 1 |
| Frilynt Norge | 20 507 | 4 |
| Human Etisk Forbund | 18 449 | 4 |
| Hålogaland Amatørteaterselskap | 804 | 1 |
| Landslaget for lokalhistorie | 94 | 1 |
| Nettverk for regionale teaterråd | 3 188 | 1 |
| Noregs Mållag | 240 | 1 |
| Noregs Ungdomslag | 6 186 | 2 |
| Norges Bygdekvinnelag | 2 370 | 1 |
| Norges Husflidslag | 44 222 | 6 |
| Norsk Amatørteaterforbund | 7 450 | 2 |
| Norsk Kulturarv | 1 412 | 1 |
| Norsk Quilteforbund | 321 | 1 |
| Seniordans Norge | 8 693 | 2 |
| Slekt og Data | 484 | 1 |
| Vestlandske Teatersenter | 1 426 | 1 |

Medlemsorganisasjonene har stemmerett etter denne nøkkelen;

| | | | |
|---|---|---|---|
| 0 | - | 5.000 | 1 stemme |
| 5.001 | - | 15.000 | 2 stemmer |
| 15.001 | - | 30.000 | 4 stemmer |
| 30.001 | - | 45.000 | 6 stemmer |
| 45.001 | - | | 9 stemmer |

Organisasjoner med samarbeidsavtale og fylkesledd inviteres til å møte som observatører, enten fysisk eller digitalt.

Påmeldingsfrist settes til 16 mai 2022 post@kulturogtradisjon.no
Vågå 29.04.2022

Med vennlig hilsen
Studieforbundet kultur og tradisjon

Marit Jacobsen /s/
Styreleder

Kjærsti Gangsø
Daglig leder

# STUDIEFORBUNDET 25 år og VÅR DAG
# feiring og årsmøte 30 mai 2022

Telegrafen, Kongensgate 21 Oslo

Tidsplan årsmøtet i Studieforbundet kultur og tradisjon
30 mai 2022 kl. 10-16.00

| | |
|---|---|
| 09.30 | Registrering |
| 10.00 | Åpning<br>Sak 1 Konstituering |
| 10.20 | «The Nordic Secret"<br>Vi har invitert den danske økonomen, folkeopplysningsaktivisten, futuristen og filosofen **Lene Rachel Andersen** til å snakke om boka si «The Nordic Secret» Her tar hun for seg hvordan de nordiske landene har gjennomgått de siste århundres teknologiske, økonomiske og strukturelle endringer på så fredelig og velfungerende vis. Hun snakker også om hva som er viktig for å opprettholde et godt demokrati for framtiden. Innlegget er digitalt. |
| 10.45 | Sak 2 Årsmelding 2021<br>Sak 3 Regnskap 2021<br>Sak 4 Orientering om Strategi- og virksomhetsplan 2022-2025 |
| 11.30 | Lunsj |
| 12.15 | Aktiviteter<br>Deltakerne deles i 4 grupper – alle skal innom alle aktivitetene – 20 minutt på hver gruppe<br><u>Gruppe 1</u><br>Folkedans og sittedans (Med **Solveig Brekke Hauknes** fra Noregs Ungdomslag og **Bente Åsen** fra Seniordans Norge)<br><u>Gruppe 2</u><br>Tauverk (Med **Reidun Horgen** fra Norges Husflidslag)<br><u>Gruppe 3</u><br>Teatersport (Med **Heljar Berge**, hovedlærer på Scenerom)<br><u>Gruppe 4</u><br>Immateriell kulturarv (Med **Linda Thiis** fra Norges Husflidslag) |
| 14.00 | BURSDAGSFEIRING – STUDIEFORBUNDET KULTUR OG TRADISJON 25 år.<br>Stortingsrepresentant **Tage Pettersen**, Høyre (Stortingets kulturkomite) og **Torleik Svelle**, Sp (Stortingets utdanningskomite) besøker oss. Hilsen fra andre gjester. |
| 15.00 | Presentasjon av prosjektet «Kvinner ut», **Sosan Mollestad**, Norges Bygdekvinnelag |
| 15.20 | Sak 5 Forslag til budsjett 2023 |
| 15.30 | Sak 6 Valg |
| 15.40 | Avslutning |
| 16.00 | Planlagt møteslutt |

# Saksutredning,
# Årsmøtet i Studieforbundet 30 mai 2022.
Møtet blir arrangert på Telegrafen, Kongens gate 21 Oslo.

## Sak 1 Åpning og konstituering

### a) Godkjenning av innkalling og sakliste

**Forslag til vedtak:**
Innkalling og sakliste blir godkjent.

### b) Valg av møteleder, referent, tellekorps og protokollunderskrivere

**Forslag til vedtak:**

| | |
|---|---|
| Møteleder | Marit Jacobsen |
| Referent | Bjørg Schultz |
| Tellekorps | Kontoret |

Forslag til to protokollunderskrivere legges fram på møtet.

## Sak 2 Årsmelding 2021

Saken presenteres av styreleder Joachim Svendsrød
**Forslag til vedtak:**
Årsmelding 2021 blir godkjent.

## Sak 3 Regnskap 2021

Saken presenteres av nestleder Kai Roger Vatne
Det framlagte regnskapet viser et overskudd på kr 59 769 som gir ny egenkapital på kr 1 218 333,-. Kursaktiviteten er som i 2020 nær 35% lavere enn normalt.
Pga av nye tilskuddsregler skal ubrukt opplæringstilskudd og tilretteleggingstilskudd overføres til 2022. Dette utgjør 5 665 127 i opplæringstilskudd og 222 009 i tilretteleggingstilskudd. Overføringen er planlagt brukt til motivasjonstilskudd for regionale og nasjonale samlinger i organisasjoner og fylkesledd samt å ha økt timestøtte.
Regnskap 2021 og revisjonsrapport ligger bakerst i Årsmelding 2021.
**Forslag til vedtak:**
Årsregnskap 2021 med et overskudd på kr 59 769 blir godkjent. Overskuddet legges til egenkapitalen.

# Sak 4 Strategi- og virksomhetsplan 2022-2025

Dette er en orienteringssak som presenteres av styremedlem Jorun Henriksen

# Sak 5 Budsjett 2023

Saken presenteres av styremedlem Hanna Sønsteby
Forslag til budsjett bygger på indeksregulering av statstilskudd, kompetansehevingstilskudd på kr 1 500 000 og omtrent samme driftsnivå som i et normalår. Det er budsjettert med fortsatt økt timesats kr 115 for time med lærer og kurstimer opp mot normalt nivå.
Pga nye tilskuddsregler med delt tilskudd til administrasjon (grunntilskudd) og opplæring (opplæringstilskudd), der grunntilskuddet tildeles etter antall kurstimer i trappetrinn budsjetteres det i 2023 med underskudd. Trappetrinn i grunntilskuddet, som er snitt av tre siste år er i dag slik:

| Minimum timer | Maksimum timer | Trinn | Grunntilskudd |
|---|---|---|---|
| 2 000 | 39 999 | a | 450 000 |
| 40 000 | 99 999 | b | 1 960 000 |
| 100 000 | 149 999 | c | 3 500 000 |
| 150 000 | 199 999 | d | 4 900 000 |
| 200 000 | 249 999 | e | 6 300 000 |
| 250 000 | 299 999 | f | 7 700 000 |
| 300 000 | 9 999 999 | g | 8 800 000 |

Studieforbundet kultur og tradisjon hadde i 2021 et snitt på 177 074,8 timer, med årene 2018,2019 og 2020 som beregningsgrunnlag, men med litt ulik vekting av de ulike årene. Det er beregnet at vi ikke passerer 200 000 i snitt og får 6,3 mill i grunntilskudd før i 2025 – dersom dagens praksis fortsetter. Styret ønsker å opprettholde dagens nivå på administrasjonen og vil derfor trolig legge fram budsjett i underskudd fram til vi når en økning i grunntilskuddet.

Nær 90% av inntektene i Studieforbundet kommer fra Kulturdepartementet. Statsbudsjettet er derfor avgjørende for drift i 2023. Styret reviderer budsjettet så snart tilsagnsbrev foreligger rundt årsskiftet.

**Forslag til vedtak:**
Forslag til budsjett 2023, med et underskudd på kr 263.000 og kompetansehevingstilskudd til medlemsorganisasjonene på kr 1.500.000 blir godkjent.

# Sak 7 Valg

Saken presenteres av valgkomiteen

<u>Medlemmer i valgkomiteen:</u>
Slekt og data, Kjell Helge Moe
Norges Bygdekvinnelag, Cesilie Aurbakken
Seniordans Norge, Magne Sørøy

Innstilling fra valgkomiteen til årsmøte 2022

| | | | |
|---|---|---|---|
| *Leder* | *Marit Jacobsen* | *Norges Husflidslag* | *Ikke på valg, valgt til 2023* |
| Nestleder | Magni Hjertenes Flyum | Noregs Ungdomslag | Ny 2 år, valgt til 2024 |
| Styremedlem | Joachim Svendsrød | Frilynt Norge | Gjenvalg 2 år, valgt til 2024 |
| Styremedlem | Hege Winje | Human-Etisk Forbund | Ny, 2 år, valgt til 2024 |
| *Styremedlem* | *Hanna Sønsteby* | *Folkeakademienes Landsforbund* | *Ikke på valg, valgt til 2023* |
| *Styremedlem* | *Marit Mørtsell* | *Forbundet KYSTEN* | *Ikke på valg, valgt til 2023* |
| *Styremedlem* | *Jorun Henriksen* | *Norges Bygdekvinnelag* | *Ikke på valg, valgt til 2023* |
| 1 varamedlem | Rønnaug Ust | Seniordans Norge | Ny 1 år, valgt til 2023 |
| 2 varamedlem | Reidun Lien Horgen | Norges Husflidslag | Ny 1 år, valgt til 2023 |

**<u>Forslag til revisor:</u>**
Steinar Nilson, Nilson Revisjonskontor gjenvalg 1 år til 2023

**<u>Styrets forslag til valgkomite, jf vedtektene;</u>**

**§6. VALGKOMITEEN**
*Valgkomiteen består av 3 medlemsorganisasjoner hvorav en organisasjon er på valg hvert år.*
*Medlemsorganisasjonene velger selv hvem de vil være representert med i valgkomiteen.*
*Styret kan utarbeide arbeidsbeskrivelse for valgkomiteen.*

Norges Bygdekvinnelag valgt til 2023 (ikke på valg)
Seniordans Norge valgt til 2024 (ikke på valg)
Noregs Ungdomslag forslag ny organisasjon, velges til 2025



STUDIEFORBUNDET KULTUR og TRADISJON

STUDIEFORBUNDET KULTUR OG TRADISJON

# ÅRSMELDING 2021

## LOV OM VOKSENOPPLÆRING (VOKSENOPPLÆRINGSLOVEN)

*§4. Overordnede mål for studieforbundenes opplæringsaktivitet*

**Studieforbundene skal drive sin opplæringsaktivitet på grunnlag av følgende overordnede mål:**

a) Å bidra til å vedlikeholde og styrke demokratiet og legge grunnlag for bærekraftig utvikling ved å engasjere og utvikle aktive medborgere.

b) Å gjøre det mulig for mennesker å påvirke egen livssituasjon.

c) Å bekjempe utstøting og bidra til inkludering.

d) Å bidra til motivasjon og tilgang til kunnskap og kompetanse for alle og slik møte behov i et samfunn og arbeidsliv i stadig endring.

e) Å styrke kulturelt mangfold og øke deltagelse i kulturlivet.

f) Å være en selvstendig arena for læring og et supplement til offentlige utdanningstilbud for voksne.

STUDIEFORBUNDET KULTUR OG TRADISJON

# ÅRSMELDING 2021



STYRET SVINGAR SEG I «POLKAPOLS» MED RØROS FOLKEDANSLAG
FOTO: TORUNN ELISE KVEEN





# INNHALD

**Innleiing** 6

*Kap. 1* | **Organisasjon** 8

*Kap. 2* | **Kvalitet** 10

*Kap. 3* | **Læring** 12

*Kap. 4* | **Formidling/politikk** 18

*Kap. 5* | **Fylkesledd** 20

**Rapportering til Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse, HK-dir** 30

**Rekneskap** 34

**Balanse** 35

**Revisjonsmelding** 38

ÅRSMELDING 2021

UTGJEVE AV:
Studieforbundet kultur og tradisjon

TEKST:
Studieforbundet kultur og tradisjon

FOTO:
Framside: Vinden snur Råseilseminar 2021. Foto: Torunn Elise Kveen
Øvrige: Studieforbundet kultur og tradisjon og medlemsorganisasjonar

DESIGN:
Krible

TRYKK:
Merkur Grafisk - produksjonen er klimanøytral, $CO_2$-utsleppet er kompensert

# INNLEIING

## ENDA EIT ANNLEISÅR

2021 kan samanfattast som året for store endringar – endringar som Studieforbundet og medlemsorganisasjonane har stått i på ein imponerande måte. Stikkorda er fyrste året i Kulturdepartementet, fyrste året med ny forskrift og ny kursportal, og ein situasjon der vi framleis har Covid-19 og restriksjonar. Alt dette er ikkje lite.

## FYRSTE ÅRET I KULTURDEPARTEMENTET

Studieforbunda vart delte mellom Kunnskapsdepartementet og Kulturdepartementet. Vårt studieforbund er eitt av ti studieforbund som vart flytta til Kulturdepartementet. Noko startutfordringar har det vore, men vi opplever politisk forståing rundt det som har dukka opp. Delinga har ført til ein del uro i Vofo og mellom studieforbunda i dei to departementa, og det er framleis ein uavklart og uhaldbar situasjon med overgangsordning.

Studieforbunda var lova at delinga ikkje skulle svekke tilskota, men når tilsegna kom, var posten på Statsbudsjettet redusert. Dette viste seg å vera ein reknefeil, og vart retta ved at studieforbunda fekk tildeling via tippemidlane. Vi er glade for at feilen vart retta opp, men klare på at



*Marit Jacobsen, Styreleiar*

***Etter eit annleis og krevjande år, er det på sin plass å rette honnør til imponerande tilpassingsdyktige og driftige lokallag, til medlemsorganisasjonar, eldsjeler, tillitsvalde og kurslærarar for kreativitet og pågangsmot.***

dette bør ikkje vera ei varig løysing. Frå 2022 forventar Studieforbunda å få heile tilskotet frå statsbudsjettet.

Vi trur deling av tilskotsordninga for studieforbunda mellom to departement vil kunne bli ei god løysing, og meiner dette vil kunne bidra til styrking av dei ulike studieforbunda si rolle og identitet.

## NY KURSPORTAL

Avtalen vår med leverandør av kursdatabase gjekk ut, og vi hadde behov for ei ny løysing meir tilpassa kursverksemda vår. Vofo har leia eit arbeid med utvikling av nytt system for studieforbunda, som vi har teke aktivt del i og vore pilot for utprøving av. Som med alle nye dataløysingar, har det vore ein del barnesjukdommar, og det har vore ei lærerik og krevjande øving for tilsette og lokale brukarar. Vi er svært takknemlege for støtta vi har hatt i Vofo med dette arbeidet.

## COVID-19-SITUASJONEN

SKT var raske på banen med bruk av digitale verktøy i 2020, dette har vi ført vidare og utvikla i 2021. Det vi spesielt merker oss med denne utviklinga, er tettare kontakt og samarbeid både med lokallag, fylkesledd og med våre paraplyorganisasjonar. Treffpunkta blir oftare, og sakene fleire. Med digitale ferdigheiter som satsingsområde, har vi alle løfta oss teknisk og er etter kvart meir komfortable med å ha møte og kurs på digitale plattformer. Dette er eit viktig bidrag for å oppretthalde mest mogleg av den vanlege kursverksemda, og ein betydeleg del av nøkkelen bak at vi har greidd å halde oppe kursverksemda såpass som vi har. SKT jobbar saman med Vofo for å få ei varig endring som gjev rom for å godkjenne heildigitale kurs også når samfunnet opnar opp att og kjem i vanleg gjenge.

## NYE MEDLEMSORGANISASJONAR

Etter nok eit annleis og krevjande år, er det på sin plass å rette honnør til imponerande tilpassingsdyktige og driftige lokallag, til medlemsorganisasjonar, eldsjeler, tillitsvalde og kurslærarar for kreativitet og pågangsmot. Trass strenge smittevernstiltak, stadige pauseknappar og nedstenging, har mange kursarrangørar klart å gjennomføre kurs, og lokallag har vist stor vilje til tilpassing. Det kunne vore så mykje, mykje verre. Vi applauderer inn Human-Etisk Forbund og Norsk Tangoforbund på laget som nye medlemsorganisasjonar i 2021.

*Marit Jacobsen, styreleiar*





FOTO: KRISTIN TEIGEN STASVIKEN



FOTO: KRISTIN TEIGEN STASVIKEN

*Kap. 1*

# ORGANISASJON

## MEDLEMS-ORGANISASJONAR

- Folkeakademienes Landsforbund
- Forbundet KYSTEN
- Frilynt Norge
- Human-Etisk Forbund
- Hålogaland Amatørteaterselskap (HATS)
- Landslaget for lokalhistorie
- Nettverket for regionale teaterråd
- Noregs Mållag
- Noregs Ungdomslag
- Norges Bygdekvinnelag
- Norges Husflidslag
- Norsk Amatørteaterforbund
- Norsk Kulturarv
- Norsk Quilteforbund
- Seniordans Norge
- Slekt og Data
- Vestlandske Teatersenter

## ORGANISASJONAR MED SAMARBEIDSAVTALE

- Båtlaget Braute
- Fantasiforbundet
- Forbundet for Norske Museumsvenner
- Foreningen for Norske Historiske Festivaler
- Fortidsminneforeningen
- Håleyg vikingmarked
- Knipleforeningen i Norge
- Lofoten Vikinglag
- MEMOAR
- Møre frie vikingar
- Nordfjord Vikinglag
- Norges Linforening
- Norges museumsforbund
- Norske historiske spel
- Norske kveners forbund
- Norsk Filatelistforbund
- Norsk Folkedraktforum
- Norsk Forening for Fartøyvern
- Norsk Selskap for Fotografi
- Norsk Tangoforbund
- Numedal Middelaldersenter
- Organisasjonen Landsbyen
- Organisasjon for Scenekjempere i Norge
- Oseberg tekstilgruppe
- Oslo amatørbryggerlaug
- Ravn Formidling
- Vestnorsk kulturakademi
- Yddir Vikinglag

## STYRET

***Styret frå 28.5.2020–27.5.2021***

| | |
|---|---|
| Eli Ulvestad NOREGS UNGDOMSLAG | leiar |
| Marit Jacobsen NORGES HUSFLIDSLAG | nestleiar |
| Anne Lise Olsen NORSK AMATØRTEATERFORBUND | styremedlem |
| Joachim Svendsrød FRILYNT NORGE | styremedlem |
| Anne Schiøtz SLEKT OG DATA | styremedlem |
| Linda Thiis NORGES HUSFLIDSLAG | styremedlem |
| Kai Roger Vatne NOREGS UNGDOMSLAG | 1. varamedlem |
| Jorun Henriksen NORGES BYGDEKVINNELAG | 2. varamedlem |

***Styret frå 27.5.2021***

| | |
|---|---|
| Marit Jacobsen NORGES HUSFLIDSLAG | leiar |
| Kai Roger Vatne NOREGS UNGDOMSLAG | nestleiar |
| Joachim Svendsrød FRILYNT NORGE | styremedlem |
| Anne Lise Olsen NORSK AMATØRTEATERFORBUND | styremedlem |
| Hanna Sønsteby FOLKEAKADEMIENES LANDSFORBUND | styremedlem |
| Marit Mørtsell FORBUNDET KYSTEN | styremedlem |
| Jorun Henriksen NORGES BYGDEKVINNELAG | styremedlem |
| Per Haarr SENIORDANS NORGE | 1. varamedlem |
| Linda Thiis NORGES HUSFLIDSLAG | 2. varamedlem |

## TILSETTE

Administrasjonen i Studieforbundet hadde ved utgangen av 2021 seks tilsette på 4,8 årsverk.

- Kjærsti Gangsø, dagleg leiar
- Bjørg Schultz
- Linda Aaboen
- Liv Skogstad
- Tone Heskestad
- Torunn Elise Kveen

Marte Aasheim Løkken har vore engasjert på timebasis for å jobbe med kurssøknadar og rapporter gjennom heile året.



PLANTEFARGING.
FOTO: STUDIEFORBUNDET KULTUR OG TRADISJON.

*Kap. 2*

# KVALITET

## UTBETALING AV KURSTILSKOT

Studieforbundet har ansvar for søknadar og utbetaling av tilskot til kurs og opplæring i alle ledd i medlemsorganisasjonane.

Tilskotssatsane for 2021 var 125 kroner for timar med lærar og 50 kroner for timar utan lærar.

Minstesum (for kurs utan dokumenterte utgifter ): 500 kr for kurs meir enn ti timar, kr. 50,- pr. time for kurs under ti timar.

Studieforbundet gjev ulik kursstøtte til timar med og utan lærar, fordi kurstimar med lærar er meir kostnadskrevjande. Kurstimar utan lærar blir rekna som ein viktig læringsarena, men erfaringa viser lågare kostnadar.

Opplæring og informasjon til kursarrangørar om kurs og tilskotsreglar er ein viktig del av arbeidet på kontoret.

## KOMPETANSE-HEVINGSTILSKOT

Kompetansehevingstilskot skal styrke det faglege og pedagogiske arbeidet i medlemsorganisasjonane. Tilskotet er lite byråkratisk og fordeler ressursar slik at medlemsorganisasjonane er i stand til å ta fagansvar i eigen organisasjon. Tilskotet blir gjeve medlemsorganisasjonar, men ikkje til organisasjonar med samarbeidsavtale. Fordelingsnøkkel er gjennomførte kurstimar med statstilskot siste to år. Det blir ikkje kravd rekneskap for tilskotet, men organisasjonane må akseptere tildelingsbrev med desse kriteria;

- Organisasjonen må ha informasjon om Studieforbundet på eigen nettside.
- Organisasjonen må ha informasjon i eigen årsmelding om Studieforbundet, eigen kursverksemd, kompetansehevingstilskot og korleis tilskotet er brukt.

Den nye medlemsorganisasjonen Human-Etisk Forbund, HEF, mottok ikkje kompetansehevingstilskot i 2021. Det vart gjort ein eige avtale om at HEF skulle handtere utbetaling av opplæringstilskot sjølve, og organisasjonen fekk utbetalt 1 949 920 kroner til organisasjonens totale kursverksemd. Hålogaland Amatørteaterselskap, HATS ville heller ikkje i 2021 motta tilskotet sitt.

Kompetansehevingstilskotet 2021 er utrekna frå kurstimar i 2018 og 2019.

HÅLOGALAND AMATØRTEATERSELSKAP ØNSKTE HELLER IKKJE I 2021 Å MOTTA TILSKOTET SITT.

*Fordelinga var slik:*

| | 2021 | 2020 | 2019 |
|---|---|---|---|
| Norges Husflidslag | 503790 | 504587 | 491 157 |
| Seniordans Norge | 191713 | 195734 | 190 307 |
| Frilynt Norge | 259364 | 222425 | 216 465 |
| Noregs Ungdomslag | 131640 | 130913 | 124 121 |
| Norsk Amatørteaterforbund | 91634 | 90241 | 80 216 |
| Forbundet KYSTEN | 40042 | 38130 | 40 577 |
| Hålogaland Amatørteaterselskap | | | |
| Folkeakademienes Landsforbund | 8509 | 8897 | 14 488 |
| Stiftelsen Norsk Kulturarv | 12238 | 12710 | 12 518 |
| Vestlandske Teatersenter | 6806 | 5084 | 5 546 |
| Slekt og Data | 7610 | 6355 | 6 314 |
| Norsk Quilteforbund | 3944 | 5084 | 5 095 |
| Landslaget for lokalhistorie | 3534 | 3813 | 3 157 |
| Noregs Mållag | 2249 | 1271 | 987 |
| Norges Bygdekvinnelag | 21273 | 24149 | |
| **Sum** | **1 309 557** | **1 249 39** | **1 190 948** |

## NY KURSPORTAL

Studieforbundet har, saman med nokre av dei andre studieforbunda delteke i utviklinga

av nytt kursadministrasjons-system. Vofo har leia arbeidet med utviklinga. Vi tok den nye kursportalen i bruk i 2021. Systemet har for det meste blitt teke godt imot blant brukarane. Det er ei utfordring for dei som til nå har søkt stønad på papir. Kontoret har gjort ein del registreringsarbeid for dei som ikkje ser seg råd med å bruke Kursportalen. Kontoret har vore svært aktive med brukarstøtte for å hjelpe dei som treng det for å kome i gang.

## MOTIVASJONSTILSKOT

Motivasjonstilskot er ekstra tilskot for nasjonalledd, regionledd og fylkeslag i medlemsorganisasjonane. Den svekka aktiviteten i medlemsorganisasjonane grunna Covid-19-situasjonen, førte til at SKT vedtok å opprette ei motivasjonsordning. Gjennom å auke sentralledda, fylkes- og regionledda si evne til å gjennomføre samlingar i medlemsorganisasjonane, vil vi styrke både kunnskap og motivasjon for å få fleire og betre kurs.

Dette tilbodet vart godt motteke. Fleire planlagte samlingar vart utsette til 2022, grunna nye restriksjonar og nedstengingar. Det vart samla utbetalt 852 626 kroner for gjennomførte motivasjonssamlingar.

**Desse organisasjonane mottok tilskot:**

- Folkeakademienes Landsforbund
- Noregs Ungdomslag
- Norges Bygdekvinnelag
- Norges Husflidslag
- Norsk Amatørteaterforbund
- Seniordans Norge
- Slekt og Data
- Studieforbundet kultur og tradisjon, fylkesledd

## FELLES AVTALER

Gjennom Vofo har vi avtale med Kopinor som gjev alle kursarrangørar rett til fri kopiering av beskytta materiale til bruk på kurs. Studieforbundet har og forsikringsavtale som sikrar alle kurslærarar på kurs med statstilskot, om noko skulle inntreffe.

## STUDIEPLANAR

Studieplanane våre er bygde opp etter ei matrise, der kvart emne har fleire studieplanar, men med ulikt timetal. Timetalet er tilpassa læringsmål og innhald. Det er kontinuerleg vurdert kor detaljerte studieplanane skal vera, og kor mange det er behov for. Også i 2021 vart det utarbeidd fleire nye studieplanar, både fordi det er nye organisasjonar med nye kursemne, men og fordi det er fornuftig å ha meir spesialiserte studieplanar.

## INTERNKONTROLL

*Lag/kurs vi har teke ut til internkontroll i 2021:*

Studieforbundet har plikt til å kontrollere at tilskotet blir brukt slik formålet blir uttrykt i Voksenopplæringsloven. Kulturdepartementets revisjonsinstruks stiller krav til korleis kontrollen skal gå føre seg. Det blir jamleg gjennomført stikkprøvekontrollar.

**21 lag med 35 kurs var i internkontroll i 2021. Alle eventuelle avvik er retta opp.**

**Norges Husflidslag**
Alta Husflidslag, 2 kurs
Askøy Husflidslag, 2 kurs
Gjerstad og Omegn Husflidslag, 2 kurs
Hammerfest Husflidslag, 2 kurs
Heidal Husflidslag, 2 kurs
Oppdal Husflidslag, 2 kurs
Tromsø Husflidslag, 2 kurs

**Frilynt Norge**
Røsslyng Teaterlag, 3 kurs
Scenelus, 1 kurs

**Nettverk for regionale teaterråd**
Stiftelsen Stabekk Teater, 2 kurs

**Noregs Ungdomslag**
Ungdomslaget Fram, 2 kurs

**Forbundet KYSTEN**
Jøa Kystlag, 2 kurs
Ofoten Kystlag, 1 kurs
Opsangervågen Kystlag, 1 kurs
Ytre Ryfylket Kystlag, 1 kurs

**Fortidsminneforeningen**
Fortidsminneforeningen i Trøndelag, 2 kurs

**Seniordans Norge**
Brundalen, 1 kurs
Gofoten, 1 kurs
Molde Seniordans, 1 kurs
Selburingen, 1 kurs
Svingom, 1 kurs

*Kap. 3*

# LÆRING

## STATISTIKK

Pandemien har også dette året gjort det vanskeleg å arrangere kurs. Det har vore store geografiske variasjonar sidan smittesituasjonen har ramma ulikt i ulike område.

Viljen til å arrangere kurs har likevel vore der, og arrangørane har stått på for å finne løysingar. Kursmengda i 2021 ligg på om lag same nivå som i 2020, om lag 30 % under eit normalår.

Den digitale kursaktiviteten har halde fram i 2021, og mange kursarrangørar har brukt digitale verktøy for å arrangere kurs. Unntaket frå regelen om at berre 50 % av timane kunne vera digitale, har vore til god nytte.

Grunna den lågare kursverksemda i 2021, har vi overført 5.665.127 millionar kroner av opplæringstilskotet til 2022.

*Kurstimar fordelt på organisasjon*

| | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|
| Norges Husflidslag | 63571 | 45893 | 44222 |
| Frilynt Norge | 35528 | 26416 | 20507 |
| Human-Etisk Forbund | | | 18449 |
| Seniordans Norge | 23675 | 11238 | 8693 |
| Noregs Ungdomslag | 15882 | 8306 | 6186 |
| Norsk Amatørteaterforbund | 10252 | 5780 | 7450 |
| Forbundet KYSTEN | 5418 | 3657 | 3838 |
| Nettverk for regionale teaterråd | 4688 | 3637 | 3188 |
| Norges Bygdekvinnelag | | 1998 | 2370 |
| Hålogaland Amatørteaterselskap | 1670 | 856 | 804 |
| Stiftelsen Norsk Kulturarv | 1531 | 1340 | 1412 |
| Studieforbundet kultur og tradisjon | 1179 | 599 | 769 |
| Folkeakademienes Landsforbund | 1029 | 237 | 295 |
| Slekt og Data | 940 | 345 | 484 |
| Vestlandske Teatersenter | 780 | 375 | 1426 |
| Vikinglaga | 745 | 620 | 721 |
| Norsk Quilteforbund | 497 | 355 | 321 |
| Båtlaget Braute | 470 | 24 | 331 |
| Landslaget for lokalhistorie | 437 | 286 | 94 |
| Noregs Mållag | 376 | 276 | 240 |
| Fortidsminneforeningen | 306 | 395 | 519 |
| Forbundet for Norske Museumsvenner | 230 | 8 | 116 |
| Kniplеforeningen i Norge | 192 | 74 | 254 |
| Organisasjon for scenekjempere i Norge | 100 | | |
| Norsk Folkedraktforum | 70 | 209 | 595 |
| Norske historiske spel | 59 | 16 | 1049 |
| Fantasiforbundet | 56 | | |
| Stiftinga Vestnorsk kulturakademi | 22 | 66 | 156 |
| Norges Tangoforbund | | | 55 |
| Norsk Filatelistforbund | | | 10 |
| Norges Linforening | | 40 | |
| **Sum** | **169703** | **113046** | **124554** |

*Emnestatistikk*

| | KURS | TIMAR | DELTAKARAR |
|---|---|---|---|
| Tekstil | 1447 | 37320 | 8636 |
| Dans | 613 | 13367 | 6778 |
| Teater, revy og drama | 496 | 32705 | 4052 |
| Tre | 168 | 4481 | 940 |
| Kyst, båt | 59 | 2440 | 339 |
| Tradisjonsmat | 103 | 1259 | 720 |
| Metall | 77 | 1850 | 408 |
| Organisasjon | 60 | 660 | 854 |
| Livssyn, filosofi | 966 | 18660 | 13402 |
| Andre håndverksfag | 350 | 8417 | 2180 |
| Musikk | 39 | 1396 | 256 |
| Annet | 124 | 1999 | 860 |
| **Sum** | **4502** | **124554** | **39425** |





TØRRMURING PÅ TRESEMINARET
FOTO: SINA BRÅTEN LUNDE

*Kurs med digitale timar*

I desse organisasjonane er det gjennomført kurs med digitale timar: Norges Husflidslag, Noregs Ungdomslag, Frilynt Norge, Norsk Amatørteaterforbund, Vestlandske Teatersenter, Slekt og Data, Seniordans Norge, Norske historiske spel, Norsk Quilteforbund, Noregs Mållag, Nettverk for regionale teaterråd, Knipleforeningen i Norge, Forbundet KYSTEN, Folkeakademienes Landsforbund og Studieforbundet. Totalt er det rapportert 2191 digitale timar til SSB.

*Nøkkeltal*

| | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|---|---|---|---|---|---|
| Kommunar | 346 | 334 | 335 | 283 | 284 |
| Arrangørar | 988 | 1 005 | 978 | 898 | 804 |
| Kurs | 5 260 | 5 129 | 5 125 | 4 040 | 4 502 |
| Deltakarar | 41 528 | 39 804 | 39 921 | 29 749 | 39 425 |

## KURSLÆRAR-OPPLÆRING

Fagleg oppdatering og utvikling av kurslærarar er ansvaret til medlemsorganisasjonane, men Studieforbundet er med på opplæring av kurslærarar når organisasjonane ber om det. SKT hadde eit kurslærarkurs med sju deltakarar i 2021.

## BUNADOPPLÆRINGA

Bunadopplæringa er ei kursrekke på seks modular, og ein tilleggsmodul, som følger læreplanen i bunadtilverkarfaget Vg 3/opplæring i bedrift. Kvar modul er på 40 timar. Bunadopplæringa er eit samarbeid melom Norges Husflidslag, Noregs Ungdomslag, Norsk Folkedraktforum og Studieforbundet. Kursrekka kan inngå som ein del av grunnlaget for å gå opp som praksiskandidat og ta sveinebrev.

Modulane har vore arrangert på Raulandsakademiet i Rauland og Norsk institutt for bunad og folkedrakt på Fagernes, med kurslærarane Joar Vaagø, Mona Løkting, Eli Vesaas, Katrine Bringsdal, Anny Strand, Hege-Therese Nilsen, Barbro T. Storlien, Inger Petersen Torild A. Fossnes og tilsette ved Norsk institutt for bunad og folkedrakt.

*I 2021 er følgande sju modular gjennomført:*

**Kursrekke 2019–2021, 3 år**

- **Modul 4:** Skjorte og linsaum, ti deltakarar

**Kursrekke 2019–2021 intensiv, 1 ½ år**

- **Modul 5:** Saum i mannsbunad og innføring i tilpassing, 17 deltakarar
- **Modul 6:** Saum i kvinnebunad og innføring i tilpassing, 14 deltakarar

**Kursrekke 2020–2023, 3 år**

- **Modul 2:** Drakthistorie og bindingslære, 16 deltakarar

**Kursrekke 2021–2022 intensiv, 1 ½ år**

- **Modul 1:** Introduksjon til bunadtilverkarfaget. Fagtema: Snorer og band, 17 deltakarar
- **Modul 2:** Drakthistorie og bindingslære, 13 deltakarar

**Tilleggsmodular**

- Mønsteravtak og gradering, åtte deltakarar

## VEVOPPLÆRINGA

Vevopplæringa er ei kursrekke på sju modular og ein tilleggsmodul som følger læreplanen i handvevarfaget Vg3/ opplæring i bedrift. Kvar modul er på 40 timar. Vevopplæringa er eit samarbeid mellom Norges Husflidslag og Studieforbundet. Kursrekka går over tre år, og kan inngå som ein del av grunnlaget for å gå opp som praksiskandidat og ta sveinebrev. Modulane har vore arrangert i vevsalen til Rauland Husflidslag i Dyre Vaa- bygget i Rauland med kurslærarane Rita Vistad og Eli Wendelbo.

*I 2021 er følgande tre modular gjennomført:*

**Kursrekke 2018–2021**

- **Modul 6:** Dobbeltvev, ti deltakarar

**Kursrekke 2020–2023**

- **Modul 2:** Lerret- og lerretsvariantar, åtte deltakarar

**Kursrekke 2021–2024**

- **Modul 1:** Mogleghe iter i veven – innføring, seks deltakarar

## TREBÅTBYGGAR

Trebåtbyggjar er ei kursrekke på sju modular som går over tre år, og er eit samarbeid mellom Forbundet KYSTEN og Studieforbundet. Kursrekka bygger på læreplanen for trebåtbyggarfaget Vg3/opplæring i bedrift, og kan inngå som ein del av grunnlaget for å gå opp som praksiskandidat og ta sveinebrevet. Kvar modul er på 40 timar. Opplæringa legg vekt på praktisk arbeid med materialar, verktøy og teknikkar, samt utvikling av handverksferdigheiter. Det blir veksla mellom tre ulike kurstadar: Museet

Kystens Arv i Stadsbygd, Risør Trebåtbyggeri i Risør og Hardanger Fartøyvernsenter i Norheimsund. Båtbyggjarar frå dei ulike kursstadane er kurslærarar.

*I 2021 er følgande modular gjennomført:*

- **Modul 2:** Klinkbygging, seks deltakarar

## SCENEROM – KURS I REGI OG TEATERPRODUKSJON

Studieforbundet har, saman med Frilynt Norge, Noregs Ungdomslag og Norsk Amatørteaterforbund utvikla ei instruktøropplæring for amatørteater. Studieforbundet var prosjektleiar fram til 2019. I 2021 greidde vi å få Scenerom på føtene att etter pandemi og andre hindringar, denne gongen med Frilynt Norge som prosjektleiar og Studieforbundet som samarbeidspart og medarrangør saman med Noregs Ungdomslag og Norsk Amatørteaterforbund. To modular vart gjennomførte i 2021, modul 3 og 4 er planlagt gjennomførte i mars og april 2022. Instruktørar i 2021 har vore Heljar Berge og Juliane Husvik Sukkestad.

**Modul 1, 1.–3. oktober 2021:**
Møtet med ensemblet, målgruppe:
Instruktøren, 12 deltakarar
**Modul 2: 12.–14. november 2021**
Arbeid med manuset, målgruppe:
Instruktøren, 14 deltakarar

## TRESEMINARET 2021

TREseminaret blir arrangert på Hjerleid, Dovre i Innlandet fylke, og tilbyr kurs som formidlar tradisjon, teknikk og kunnskap om tre og tradisjonshandverk. TREseminaret er eit samarbeid mellom Handverksskolen AS, Norges Husflidslag, Senter for bygdekultur AS og Studieforbundet kultur og tradisjon. Seminaret går av stabelen i veke 17 kvart år. Nytt frå 2021 var at Fortidsminneforeningen delte ut stipendiat i november, slik at det skulle vera mogleg å søke kursplass på TREseminaret i god tid. Vi fekk påmelding frå åtte stipendiatar til årets TREseminaret. Dette viser at seminaret er sett på som ein viktig og solid opplæringsarena. I 2021 skulle TREseminaret vore arrangert for 16. gang, der tema for seminaret var «Handverk er berekraft!». Seminaret var planlagt med ti kurs, hadde 59 påmeldte og eige opplegg for barn og unge. Planlagt var kurs i smiing, dekorasjonsmaling, klassisk møbelsnekring, fletting av aktarkorg, to laftekurs, tørrmuring, taktekking med villskifer og hest og skogsdrift. Sjølv om vi hadde planlagt og lagt til rette for eit arrangement som tok omsyn til smittevernreglane, som å fordele seminaret over to veker, såg vi likevel at vi også dette året dessverre måtte avlyse TREseminaret på grunn av Covid-19-situasjonen.

## FAGDAGANE I BUNAD OG FOLKEDRAKT

Fagdagane i bunad og folkedrakt er eit samarbeid mellom Noregs Ungdomslag, Norges Husflidslag, Norsk Folkedraktforum , Norsk institutt for bunad og folkedrakt og Studieforbundet kultur og tradisjon. Fagdagane vart arrangert på Fagernes 26.–27. oktober med tema «Kvinner i bunadshistoria». Det var om lag 130 deltakarar. Frå Studieforbundet deltok Linda Aaboen og Torunn Elise Kveen.

## BUNAD OG BEREKRAFT

Bunad og berekraft er eit opplæringsprogram for bunadtilverkarar /tekstilhandverkarar. Målet er at deltakarane gjennom samlingane skal sikre næringsgrunnlaget i eiga bedrift. Skåppå Kunnskapspark fekk tilskot frå Norsk Kulturråd og Studieforbundet er engasjert til å vera prosjektleiar, der Linda Aaboen har ansvar for gjennomføring. Tidlegare bedriftsrådgjevarar, Dag Lindvig og Harald Granrud er engasjert for den bedriftsfaglege delen. Prosjektet blir gjennomført i samarbeid med Norges Husflidslag og Noregs Ungdomslag. Seks deltakarar var hausten 2021 med på samlingane i Oslo og Vågå. Den siste samlinga blir gjennomført vinteren 2022.

I denne runda av Bunad og berekraft har hatt sju deltakarar.

*Følgande samlingar har vore gjennomførte:*

- **1. samling:** Digitalt, 1 time, 24. august 2021
- **2. samling:** 20.–22. september 2021, Oslo, 20 timar
- **3. samling:** 22.–24. november 2021, Vågå, 20 timar

## HJERLEID HANDVERKSSKOLE AS

Studieforbundet og Norsk Kulturarv eig Hjerleid Handverksskole AS, som ligg i Dovre kommune i Innlandet fylke. Studieforbundet eig 33,3 % av aksjane. Hjerleid er ein vidaregåande skule godkjent etter Friskoleloven.

*Hjerleid Handverkskole er i utvikling og har hatt desse tilboda i 2021:*

**2020/2021, 5 liner**

- Vg2 Design og trearbeid med vekt på treskjering
- Vg2 Smed
- Vg2 Byggteknikk, med vekt på tradisjonsbygging
- Vg2 Overflateteknikk med vekt på tradisjonelle teknikkar
- Vg1 handverk, design og produktutvikling

**2021/2022**

- Vg2 Design og trearbeid med vekt på treskjering
- Vg2 Smed
- Vg2 Byggteknikk, med vekt på tradisjonsbygging
- Vg2 Overflateteknikk med vekt på tradisjonelle teknikkar
- Vg1 handverk, design og produktutvikling
- Vg2 Tekstil og design med vekt på tradisjonelle teknikkar
- Kvar klasse har godkjenning for å ta inn 15 elevar. Skulen har samla høve til å ta inn 30 vaksne elevar utan rett.

Studieforbundets representantar i formelle organ frå årsmøtet vår 2021 er Kjærsti Gangsø, styreleiar og Barbro Storlien, styremedlemmar. Bjørg Schultz er leiar i valgkomiteen.

## DRAMAS

Dramas er organisert som ein frivillig organisasjon, og tilbyr tenester for amatørteatergrupper og skular/kulturskular i Norge. Dramas formidlar manus til lesing, behandlar søknadar om speleløyvingar og utbetalar royalties til eigarar.

Studieforbundet er medlem saman med Frilynt Norge, Noregs Ungdomslag og Norsk Amatørteaterforbund. Eli Ulvestad, tidlegare styreleiar i Studieforbundet, er styreleiar i DRAMAS.

## TILRETTELEGGINGS-TILSKOT

Tilretteleggingstilskot, TRT, er eit tilskot frå HK-dir som skal brukast til å dekke meirkostnadar når deltakar(ar) har bruk for ekstra tilrettelegging. For å kunne dekke utgifter som ikkje blir dekte frå Kompetanse Norge, søker Studieforbundet også støtte frå blant andre IMDI. SKT fekk 497.712 kroner i tilretteleggingstilskot frå HK-dir. 222.009 er overført til 2022.

*Tilrettelegging fordelt på organisasjon*

| ORGANISASJON | KURS | TIMAR | DELTAKARAR | TILSKOT |
|---|---|---|---|---|
| Norges Husflidslag | 13 | 382 | 57 | 32 375 |
| Norsk Amatørteaterforbund | 17 | 1 137 | 110 | 180 545 |
| Seniordans Norge | 6 | 138 | 33 | 17 207 |
| Fortidsminneforeningen | 2 | 80 | 10 | 2 000 |
| Forbundet KYSTEN | 2 | 16 | 15 | 6 000 |
| Norges Bygdekvinnelag | 3 | 48 | 17 | 4 294 |
| Noregs Mållag | 7 | 107 | 38 | 19 698 |
| Studieforbundet kultur og tradisjon | 13 | 255 | 51 | 101 696 |
| **Sum** | **64** | **2186** | **332** | **365 590** |

*Tilrettelegging fordelt på fylke*

| FYLKE | KURS | TIMAR | DELTAKARAR | TRT |
|---|---|---|---|---|
| Trøndelag | 19 | 1 079 | 119 | 183 145 |
| Viken | 14 | 409 | 63 | 110 217 |
| Innlandet | 13 | 437 | 63 | 40 436 |
| Møre og Romsdal | 8 | 119 | 40 | 20 198 |
| Nordland | 2 | 66 | 2 | 2 200 |
| Vestfold og Telemark | 1 | 13 | 5 | 1 000 |
| Rogaland | 5 | 43 | 25 | 2 394 |
| Vestland | 2 | 16 | 15 | 6 000 |
| **Sum** | **64** | **2186** | **332** | **365 590** |




## INKLUDERING

Studieforbundet har i fleire år arbeidd med å leggje til rette for at kurs skal vera for alle, og at kurs i frivillige organisasjonar og skal vera ein reiskap for inkludering. Det har vore fleire vellykka eksempel der praktiske kurs er brukt til å lære seg eit nytt språk, eller bli ein del av eit nettverk. SKT søkte støtte gjennom Inkluderings- og mangfoldsdirektoratet, IMDI, og andre instansar slik at vi kan bidra med stønad til lokallag som ønskjer å gjennomføre kurs. SKT har som mål at kursa skal bli meir inkluderande, samt nå ei meir mangfaldig målgruppe. Dette krev tilrettelegging både økonomisk og organisatorisk. I 2021 var det 64 kurs, med 2186 timar og 332 deltakarar som fekk ekstra tilskot. Trass i pandemien, har det vore ei lita auke i talet på kurs frå 2020.

## KURS I FENGSEL

I 2021 arrangerte Studieforbundet 13 kurs i fire ulike fengsel. I år som i fjor var det mykje verksemd som ikkje kom i gang grunna Covid-19. Frå Stiftelsen UNI mottok vi tilsegn om tilskot på kr 100 000. Frå Kriminalomsorgsdepartementet fekk vi tilskot på kr 28 550. Overordna mål er å vidareutvikle kursverksemd i dei fengsla der det allereie er eit etablert samarbeid, samt å restarte kurs i fengsel der det har stoppa opp av ulike årsakar. I 2021 var det kurs i samarbeid med Eidsberg fengsel, Ila fengsel, Stavanger fengsel og Trøgstad fengsel. Den planlagde fagdagen for eldsjeler og instruktørar vart ikkje gjennomført grunna Covid-19.

## KURS MED TILSKOT FRÅ IMDI

Studieforbundet mottok i 2021 kr 230 000 i støtte frå Inkluderings- og mangfoldsdirektoratet, IMDI, til kursverksemd for innvandrarar. Kursa skulle nå personar med svake norskferdigheiter. Målet var å støtte kursverksemd i alle fylka i Noreg, men grunna Covid-19-situasjonen, vart det gjennomført noko færre kurs enn antatt. Likevel var det ei lita auke i talet på kurs frå 2020. I alt vart det gjennomført 23 kurs i sju ulike fylke med elleve ulike arrangørar.

*Kursa fordelte seg slik:*

- Fortidsminneforeningen, 2 kurs
- Keipane Kystlag, 1 kurs
- Kulturhjerte, 1 kurs
- Levanger Husflidsforening, 4 kurs
- Nittedal og Hakadal Bygdekvinnelag, 1 kurs
- Norges Husflidslag, Vestfold, 1 kurs
- Sand Bygdekvinnelag, 1 kurs
- Sunndal Mållag, 7 kurs
- Vågå Husflidslag, 3 kurs
- Vang Husflidslag, 1 kurs
- Øystre Slidre Husflidslag, 1 kurs

I tillegg vart det arrangert digitale motivasjonsmøte, i alt 12 stk, samt fem fysiske samlingar hjå medlemsorganisasjonar og fylkeslag.

*Kap. 4*

# FORMIDLING/POLITIKK

## MEDLEMSKAP

*Voksenopplæringsforbundet, Vofo*

Vofo er ein paraply- og interesseorganisasjon for studieforbunda i Noreg. Studieforbundet er medlem i Vofo og deltek i aktivitetane og nettverket. Marit Jacobsen vart vald inn som styremedlem på årsmøtet i mai 2020. Eli Ulvestad er leiar i valgkomiteen. Eli Ulvestad, Marit Jacobsen, Kai Roger Vatne, Joachim Svendsrød, Solveig Torgersen Grinder, Rita Vistad, Liv Skogstad Mikalsen, Torunn Elise Kveen og Kjærsti Gangsø møtte på årsmøtet 26. mai 2021.

*Frivillighet Norge*

Frivillighet Norge er ein interesseorganisasjon for alle frivillige organisasjonar i Noreg. Studieforbundet er medlem i Frivillighet Norge. Eli Ulvestad og Kjærsti Gangsø møtte som representantar frå Studieforbundet på årsmøtet 27. mai 2021.

*Förbundet Nordisk Vuxenupplysning, FNV*

FNV er eit samarbeid mellom studieforbund frå Danmark, Finland, Noreg og Sverige. Samarbeidet har to årlege møte, generalsekretærmøte i januar og årsmøte/årskonferanse om hausten. Kjærsti Gangsø møtte på generalsekretærmøtet i januar. Årsmøte/årskonferansen 2021 vart gjennomført i Noreg med Senterpartiets Studieforbund og SKT som lokal arrangør. Marit Jacobsen, Kai Roger Vatne, Joachim Svendsrød, Tone Heskestad, Liv Skogstad Mikalsen og Kjærsti Gangsø deltok. Kristin Madsen, Senterpartiets studieforbund er styreleiar og Kjærsti Gangsø, SKT er varamedlem.



BUNADSEMINAR PÅ ARENDALSUKA 2021.
FOTO: TORUNN ELISE KVEEN.

*Årets Folkbildningspris*

Torbjørn Bergwitz Lauen, styreleiar i Noregs Ungdomslag, folkedansar og organisasjonsmann, fekk tildelt Folkbildningsprisen 2021. Gjennom heile sitt virke har han frå han var 14 år til i dag vist interesse for, og delteke i, nordisk arbeid. Torbjørn har vore leiar i Noregs Ungdomslag sidan 2019 og kom inn i styret i 2016. Som 14-åring vart Torbjørn styremedlem i leikarringen i Bondeungdomslaget i Kristiansand, og allereie som 16-åring gjekk vegen vidare til verv i regionleddet Vest-Agder Ungdomslag. Han hadde i same periode oppgåver i ulike politiske ungdomsparti, før han landa i Senterpartiet, der han jobbar i dag.

*Kulturalliansen*

Kulturalliansen er ei samanslutning for frivillige kulturorganisasjonar i Norge som arbeider for å styrke posisjon og rammevilkår i samfunnet for det frivillige kulturfeltet. Studieforbundet er observatørorganisasjon og Kjærsti Gangsø vart i april 2021 vald til styreleiar.

*Stiftinga Norsk senter for folkedans og folkemusikk(Sff)*

Stiftinga Norsk senter for folkedans og folkemusikk har hovudkontor i Trondheim. Det blir årleg arrangert eit fagleg representantskapsmøte med deltakarar frå folkemusikk-, folkedans- og arkivmiljøa. Møtet vel styre og diskuterer ulike saker for feltet. Kjærsti Gangsø er vald til styremedlem .

*Nettverket «Løfte handverket»*

Norsk handverksinstitutt har ansvar for nettverket «Løfte handverket», som organiserer årlege møtestader

og seminar. Linda Aaboen har deltatt i nettverket på vegner av Studieforbundet.

*Bunad på Unescolista*

Norsk institutt for bunad og folkedrakt, Norges Husflidslag, Noregs Ungdomslag, Norsk Folkedraktforum og Studieforbundet har gått saman for å nominere den allmenne og folkelege bunadbruken i Norge til UNESCOs representative liste over menneskehetens immaterielle kulturarv. Som del av arbeidet, er det sett i verk eit stort formidlingsprosjekt om bunad for barn og unge med støtte frå Sparebankstiftelsen DNB. Kjærsti Gangsø som vara deltek i styringsgruppa, Torunn Elise Kveen er med i mediegruppa for prosjektet. Studieforbundet har hatt ansvar for seminar under Arendalsuka; «Kvifor skal vi ta vare på den norske bunadbruken?», og ansvar for regionalt møte på Hjerleid Handverskole på Dovre 28. oktober. Studieforbundet, ved Kjærsti, deltok på regionmøte i Bodø og i Tromsø. Vi arbeider for å levere ein nominasjonssøknad i 2023.

## STATSBUDSJETT

2021 var fyrste året studieforbunda er delte mellom Kunnskapsdepartementet og Kulturdepartementet. Studieforbunda var lova at delinga ikkje skulle svekke tilskota, men når tilsegnsbreva kom, var posten på Statsbudsjettet redusert, med samla ramme på 153.000.000 kroner. Dette var ein reduksjon på ca 5 millionar frå 2021. Dette viste seg å vera ein reknefeil som vart retta ved at studieforbunda fekk tildelt 9,2 millionar via tippemidlane. Studieforbunda har uttalt at det ikkje er ønskjeleg å vera finansiert via tippemidlane og forventar å få heile tilskotet frå statsbudsjettet frå 2022.

## ARENDALSUKA

Studieforbundet møtte fleire politikarar til samtale: Mirell Høyer-Berntsen, kandidat på SVs stortingsliste i Agder, Hans Fredrik Grøvan, avtroppande stortingsrepresentant Krf i Agder, Åslaug Sem-Jacobsen, stortingsrepresentant frå Sp Telemark og Kai Steffen Østensen, to kandidatar for Aps stortingsliste i Agder.

Bodskapen vår i år handla om føreseieleg tilskotsordning, studieforbunda og momskompensasjon, overgangsordning for medlemsorganisasjonar mellom studieforbund i ulike departement og arbeidet med å få den allmenne norske bunadbruken inn på UNESCOs liste over representativ immateriell kulturarv. Marit Jacobsen, Kai Roger Vatne, Torunn Elise Kveen og Kjærsti Gangsø deltok på møta.

Som eit ledd i arbeidet vårt for å få den norske bunadbruken inn på UNESCOs liste over representativ immateriell kulturarv heldt samarbeidsorganisasjonane seminaret på Arendalsuka; Kvifor skal vi ta vare på den norske bunadbruken? Vi ønskte å samle folk til ein samtale om kva bunaden betyr for oss med tanke på identifisering, tilhøyrsle, som festplagg og kva for situasjonar vi kjenner det er rett å bruke den. Korleis kan vi forplikte staten til å ivareta denne unike tradisjonen? Bjørn Sverre Hol Haugen ga oss innsyn i dei ulike bunadskategoriane og ulike eksempel på desse. Knut Aastad Bråten leia oss gjennom samtale mellom innleiarane Anja Cecilie Solvik, Bjørn Sverre Hol Haugen, Tone Eidsvold og Anette Trettebergstuen.

## SKRIFTLEG INNSPEL TIL HØYRINGAR

Studieforbundet sender skriftlege innspel på høyringar i aktuelle saker. Studieforbundet sendte desse innspela i 2021

- Kunnskapsdepartementet, om ny fagskulestrategi, februar 2021
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet, «Det handler om Norge», mars 2021
- Kulturdepartementet, om statleg strategi for folkedans- og folkemusikkfeltet, mars 2021
- Kulturrådet, innspel periodisk rapport UNESCO-arbeidet, mai 2021
- Innlandet fylkeskommune, om regionale planar mai 2021
- Møre og Romsdal fylkeskommune, om regionale planar, august 2021
- Agder fylkeskommune, om regionale planar, september 2021
- Viken fylkeskommune, om regionale planar, september 2021
- Stortinget, alle partia i kulturkomiteen, om statsbudsjett 2022, oktober 2021

*Kap. 5*

# FYLKESLEDD I STUDIEFORBUNDET KULTUR OG TRADISJON

I følge Voksenopplæringsloven, skal studieforbunda ha ei regional organisering. Kva for organisasjonsform og kva for oppgåver som skal ligge til den enkelte regionen, seier lova ingenting om. Studieforbundet (SKT) har vald å etablere fylkesledd med organisasjonsnummer og fylkeskontaktar i kvart fylke.

I enkelte fylke blir det gjeve økonomisk støtte til dei regionale ledda av Studieforbundet, og i eitt av dei samanslåtte fylka, Troms og Finnmark, vart det gjeve fylkeskommunal støtte berre til organisasjonane i Finnmark. Tilskotsordninga frå fylkeskommunane til organisasjonane er under press, og nå er usikkerheita stor om kva for utfall det vil få at nokre av fylkessamanslåingane skal reverserast.

Fire av elleve fylkeskommunar ga ikkje fylkeskommunal støtte til studieforbunda for 2021. I fylke utan tilskot, er det krevjande for medlemsorganisasjonane i SKT å få til gode møteplassar for samarbeid. Det er og meir utfordrande å ha eit samarbeid med fylkeskommunen, Vofo regionalt og dei andre studieforbunda. Dei enkelte fylkesledda i SKT må derfor definere oppgåvene sine etter tilgjengelege økonomiske ressursar og motivasjon. SKT er representert i alle fylkesutvala i Voksenopplæringsforbundet (Vofo).

Dei siste åra har SKT halde ei årleg samling for fylkesledda sine. Desse har tidlegare vore gjennomførte kvart anna år, men grunna fylkessamanslåingane og regionalisering av Vofo, har behov for årleg samling vore aukande. Formålet med samlinga er å gje fagleg påfyll, informasjon frå oss og motivasjon for å drive organisasjonsarbeid i SKT.

I 2021 vart det arrangert samling for fylkesledda på Thon Hotel Panorama i Oslo helga 8. til 10. oktober. Fylkesleddsamlinga hadde fokus på styrking av fylkesledda gjennom, inkludering og støtteordningar frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI). På denne samlinga hadde stiftinga Fundatum ei økt som handla om personleg motivasjon for arbeid i det frivillige

| FYLKE | LEIAR I FYLKESLEDDET | ORGANISASJON | FYLKESTILSKOT 2021 | FYLKESTILSKOT 2020 | REPRESENTERTE I VOFO FYLKESUTVALG |
|---|---|---|---|---|---|
| Viken | Bjørg Lundeby | Norges Husflidslag | 151 750 (Akershus) 88 700 (Buskerud) 102 149 (Østfold) | 144 413 (Akershus) 90 240 (Buskerud) 143 979 (Østfold) | Rita Vistad<br>Bjørg Lundeby |
| Oslo | Jeanette Ajer | Norges Husflidslag | 0 | 0 | Jeanette Ajer<br>Liv S. Mikalsen |
| Innlandet | Brita Rusten Åmot | Norges Husflidslag | 89 114 | 69 563 | Arild Larsen<br>Borgny S. Sletten |
| Vestfold og Telemark | Kari Lie | Noregs Ungdomslag | 0 | 0 | Kari Lie<br>Gerd Helgeland |
| Agder | Torgeir Tønnevold Fiane | Noregs Ungdomslag | 0 | 0 | Torgeir T. Fiane<br>Ragnhild Smesland |
| Rogaland | Kristin B. Rasmussen | Norges Husflidslag | 40 811 | 33 356 | Einar Schibevaag<br>Rolf A. Kristoffersen |
| Vestland | Gunn Hauge | Norges Husflidslag | 40 570 | 41 989 | Gunn Hauge<br>Bjørg H. Gravdal |
| Møre og Romsdal | Anne Juveli Ludvigsen | Norges Husflidslag | 66 788 | 71 579 | Anne J. Ludvigsen<br>Jonny Lyngstad |
| Trøndelag | Ann Tove Rønning | Norges Husflidslag | 79 163 | 86 690 | Ann Tove Rønning<br>Tove Solvang Rian |
| Nordland | Mari-Ann Laastad | Norges Husflidslag | 0 | 0 | Karin-Johanne Ness<br>Margrete Djupvik |
| Troms og Finnmark | Maaike Halbertsma | Norges Husflidslag | 56 690 (Finnmark) | 27 263 (Finnmark) | Maaike Halbertsma<br>Svein Thomassen |



TEATER UNGE SPOR.
FOTO: VICTORIA BERGORT



"DET STOKKÆR SÆ" MED STOKKEREVYEN.
FOTO: TORUNN ELISE KVEEN.



"DET STOKKÆR SÆ" MED STOKKEREVYEN.
FOTO: TORUNN ELISE KVEEN.

generelt og Studieforbundet spesielt. I tillegg inneheldt samlinga gode bidrag frå styreleiaren vår, Marit Jacobsen, inspirasjon til utvida arbeid med inkludering med Sosan Asgari Mollestad frå Norges Bygdekvinnelag og viktig informasjon frå Vofo med Stian Juell og Mats Grimsgaard. Vi hadde også besøk av Marianne Veen frå Kulturalliansen som snakka om prosjektet med å kartlegge alle landets arenaer for kulturutøving.

Tilsette i SKT deltek også på samlingar/årsmøte i regionane på førespurnad. I 2021 deltok tilsette i SKT på 31 møteplassar i samarbeid med fylkesledda, nokon få fysiske, dei aller fleste digitalt via Zoom eller Teams. Dette er ei stor auke frå 2021, da vi var med på 13 slike samlingar. Situasjonen vi har stått i har gjeve oss som sentralt ledd større rom for å delta gjennom digitale løysingar. Behovet for samhandling aukar med alle omstillingane vi til ei kvar tid står i.

Kursutviklinga har på alle område og i alle fylke gått gjennom ei gledeleg auke i 2021 i høve til året før. Dette i stor grad grunna opning etter Covid-19-situasjonen. I tillegg har vi fått Human-Etisk Forbund som ny medlemsorganisasjon. Dei bidreg med mange kurs, deltakarar og kurstimar. Vi er svært glade for at organisasjonane har klart å komme så fort i gang att, og for alle kursa som er gjennomførte i organisasjonane i Studieforbundet kultur og tradisjon gjennom heile 2021. Engasjementet for, og viljen til tilpassing og igangsetting der det har vore mogleg, har vore stor i lokallaga.



SPRANGVEV I MANGE ULIKE FARGAR
FOTO: LINDA AABOEN

# VIKEN

ORGANISASJONSNUMMER: 997671635

*Styremedlemmar:*

- Bjørg Lundeby, Østfold Husflidslag
- Rita Vistad, Buskerud Husflidslag
- Gunnar Høiås, Akershus Seniordans
- Synnøve Røysland, Akershus Fylkeshusflidslag
- Randi Myrvang, Seniordans Norge, Region Østfold
- Marit Helene Lund, Akershus Bygdekvinnelag
- Rønnaug Ust, Seniordans Norge/Region Buskerud

*Representantar i Vofo fylkesutval Viken:*

- Rita Vistad, Buskerud Husflidslag
- Bjørg Lundeby, Vara, Østfold Husflidslag

SKT Viken har hatt eit aktivt år i 2021. Det var gjennom ført fysisk regionsamling og motivasjonssamling i Oslo i september, med mellom andre Trine Skei Grande som innleiar og gjest.

*Kursstatistikk Viken:*

| ÅR | KURS | TIMAR | DELTAKARAR | TILSKOT |
|---|---|---|---|---|
| 2021 | 1 076 | 29 442 | 9 426 | 3 218 236 |
| 2020 | 1 033 | 30 553 | 6 851 | 2 904 472 |

*Fordeling på fylkeslag/regionlag for kurs i 2021:*

| ORGANISASJON | KURS | TIMAR | DELTAKARAR | TILSKOT |
|---|---|---|---|---|
| Akershus Fylkeshusflidslag | 307 | 6 677 | 1 678 | 567 430 |
| Buskerud Husflidslag | 56 | 1 247 | 303 | 106 075 |
| Østfold Husflidslag | 68 | 1 425 | 384 | 90 651 |
| Seniordans Norge, region Asker og Bærum | 5 | 108 | 58 | 13 500 |
| Seniordans Norge, region Buskerud | 16 | 402 | 187 | 50 250 |
| Seniordans Norge, region Follo | 11 | 163 | 157 | 20 375 |
| Seniordans Norge, region Romerike | 24 | 555 | 349 | 69 125 |
| Seniordans Norge, region Østfold | 24 | 585 | 306 | 71 667 |
| Akershus Bygdekvinnelag | 9 | 81 | 105 | 30 260 |
| Buskerud Bygdekvinnelag | 7 | 45 | 75 | 35 175 |
| Østfold Bygdekvinnelag | 17 | 521 | 115 | 34 875 |
| Human-Etisk Forbund i Viken | 268 | 4 661 | 3 869 | 492 633 |
| Slekt og Data i Akershus | 3 | 26 | 12 | 3 250 |
| Slekt og Data Buskerud | 2 | 70 | 28 | 8 750 |
| Slekt og Data Østfold | 3 | 18 | 17 | 1 500 |
| Noregs Ungdomslag Buskerud | 3 | 82 | 39 | 10 250 |
| Bygdelagssamskipnaden | 8 | 108 | 103 | 12 300 |
| Eidsiva Fylkeslag av Noregs Ungdomslag | 5 | 105 | 40 | 12900 |
| Frilynt Norge | 125 | 6909 | 826 | 832772 |
| Norsk Amatørteaterforbund | 22 | 1685 | 185 | 209125 |
| Fortidsminneforeningen | 1 | 35 | 8 | 4375 |
| Forbundet KYSTEN | 2 | 57 | 9 | 5850 |
| Nettverket for regionale teaterråd | 33 | 2317 | 214 | 289025 |
| Knipleforeningen i Norge | 12 | 180 | 64 | 22500 |
| Landslaget for lokalhistorie | 2 | 18 | 12 | 2250 |
| Norsk Folkedraktforum | 3 | 60 | 12 | 3000 |
| Norsk Quilteforbund | 9 | 198 | 72 | 24000 |
| Norske Historiske Spel | 4 | 133 | 24 | 16400 |
| Vikinglaga | 16 | 721 | 111 | 79625 |
| Studieforbundet kultur og tradisjon | 11 | 250 | 64 | 98348 |
| **SUM** | **1076** | **29442** | **9426** | **3218236** |

**KOMMENTAR TIL STATISTIKKEN FOR VIKEN:**

Norges Husflidslag
- Svelvik Husflidslag – medlem av Vestfold Husflidslag – tel i Buskerud Husflidslag
- Lunner Husflidslag – medlem av Oppland Husflidslag – tel i Akershus Husflidslag

Seniordans Norge i Viken*
- Lunner Seniordans – medlem av Seniordans Norge Region Vest-Oppland – tel i Seniordans Norge Region Romerike
- Sande Seniordans – medlem av Seniordans Norge Region Vestfold – tel i Seniordans Norge Region Buskerud

# OSLO

ORGANISASJONSNUMMER: 999137474

*Styremedlemmar:*

- Jeanette Ajer, Oslo Fylkeshusflidslag

*Representantar i Vofo fylkesutval Oslo:*

- Jeanette Ajer, Oslo Fylkeshusflidslag
- Liv S. Mikalsen, Vara, Studieforbundet kultur og tradisjon

Det vart ikkje gjeve tilskot til studieforbunda frå Oslo fylkeskommune i 2021. Det har heller ikkje vore aktivitet i SKT Oslo i 2021. Likevel har lokallaga i Oslo auka kursaktivitet i 2021, trass mykje nedstenging i fylket.

*Kursstatistikk Oslo:*

| ÅR | KURS | TIMAR | DELTAKARAR | TILSKOT |
|---|---|---|---|---|
| 2021 | 236 | 6 530 | 2 811 | 969 575 |
| 2020 | 146 | 6 334 | 1 542 | 701 485 |

*Fordeling på fylkeslag/regionlag for kurs i 2021:*

| ORGANISASJON | KURS | TIMAR | DELTAKARAR | TILSKOT |
|---|---|---|---|---|
| Folkeakademienes Landsforbund | 4 | 23 | 48 | 42 575 |
| Fortidsminneforeningen | 1 | 46 | 19 | 5 750 |
| Frilynt Norge | 29 | 2 321 | 293 | 242 421 |
| Human-Etisk Forbund | 113 | 2 220 | 1 614 | 234 637 |
| Knipleforeningen i Norge | 5 | 62 | 21 | 7 300 |
| Bygdelagssamskipnaden | 30 | 598 | 220 | 71 425 |
| Oslo Fylkeshusflidslag | 35 | 813 | 436 | 71 775 |
| Norsk Amatørteaterforbund | 1 | 136 | 7 | 17 000 |
| Norsk Filatelistforbund | 1 | 10 | 19 | 1 100 |
| Norsk Folkedraktforum | 4 | 117 | 19 | 14 625 |
| Seniordans Norge, region Oslo | 4 | 89 | 35 | 10 875 |
| Studieforbundet kultur og tradisjon | 3 | 36 | 37 | 243 617 |
| Slekt og Data Oslo/Akershus | 6 | 59 | 43 | 6 475 |
| **SUM** | **236** | **6 530** | **2 811** | **969 575** |

# INNLANDET

ORGANISASJONSNUMMER: 997111273

*Styremedlemmar:*

- Brita Rusten Åmot, Oppland Husflidslag
- Arild Larsen, Hedmark Husflidslag
- Hans Vold Vikersveen, Folkeakademiet Innlandet
- Ingrid Tuko, Seniordans Norge – Region Hedmark
- Borgny Skansen Sletten, Oppland Bygdekvinnelag

*Representantar i Vofo fylkesutval Innlandet:*

- Arild Larsen, Hedmark Husflidslag
- Borgny Sletten, Vara, Oppland Bygdekvinnelag

SKT Innlandet har med god deltaking hatt digitalt kurs for opplæring i den nye kursportalen til Studieforbundet. Dette viser seg og i auka kursmengde for 2021.

*Kursstatistikk Innlandet:*

| ÅR | KURS | TIMAR | DELTAKARAR | TILSKOT |
|---|---|---|---|---|
| 2021 | 597 | 15 519 | 4 439 | 1 803 563 |
| 2020 | 557 | 13 932 | 3 598 | 1 354 423 |

*Fordeling på fylkeslag/regionlag for kurs i 2021:*

| ORGANISASJON | KURS | TIMAR | DELTAKARAR | TILSKOT |
|---|---|---|---|---|
| Fortidsminneforeningen | 11 | 269 | 107 | 43 625 |
| Frilynt Norge | 12 | 536 | 95 | 64 000 |
| Human-Etisk Forbund | 68 | 1484 | 883 | 156 848 |
| Fylkeslaget Varden, Noregs Ungdomslag | 4 | 116 | 40 | 14 500 |
| Oppland Ungdomslag | 3 | 164 | 18 | 10 710 |
| Hedmark Bygdekvinnelag | 11 | 147 | 54 | 16 200 |
| Oppland Bygdekvinnelag | 5 | 103 | 32 | 12 725 |
| Hedmark Husflidslag | 190 | 4 373 | 1 018 | 351 735 |
| Oppland Husflidslag | 164 | 3 352 | 1 046 | 324 860 |
| Norsk Amatørteaterforbund | 33 | 2 138 | 249 | 279 979 |
| Norsk Folkedraktforum | 2 | 40 | 8 | 2 000 |
| Norsk Quilteforbund | 1 | 30 | 9 | 3 750 |
| Seniordans Norge, region Gudbrandsdal | 17 | 375 | 219 | 43 414 |
| Seniordans Norge, region Hedmark | 22 | 414 | 229 | 65 803 |
| Seniordans Norge, region Vest-Oppland | 20 | 456 | 201 | 54 115 |
| Studieforbundet kultur og tradisjon | 3 | 98 | 36 | 199 450 |
| Slekt og Data Oppland | 1 | 12 | 7 | 1200 |
| Norsk Kulturarv | 30 | 1 412 | 188 | 158 650 |
| **SUM** | **597** | **15 519** | **4 439** | **1 803 563** |

# VESTFOLD OG TELEMARK

ORGANISASJONSNUMMER: 997466802

*Styremedlemmar:*

- Kari Lie, Telemark Ungdomslag
- Kjell Eftedal, Seniordans Norge Region Vestfold
- Laila Glittenberg Moen, Telemark Bygdekvinnelag
- Ingrid Venanger, Slekt og Data Telemark
- Gerd Marie E. Helgeland, Vestfold Bygdekvinnelag
- Anne Huseby Karlsen, Vestfold Husflidslag
- Jorunn Dahl, Telemark Husflidslag

*Representantar i Vofo fylkesutval Vestfold og Telemark:*

- Kari Lie, Telemark Ungdomslag
- Gerd Marie E. Helgeland, Vara, Vestfold Bygdekvinnelag

I 2021 fekk ikkje studieforbunda i Vestfold og Telemark fylkeskommunalt tilskot. Dette har likevel ikkje hindra SKT Vestfold og Telemark frå å halde i gang aktivitet. Det var gjennomført digitale kurs om Kursportalen og om tilretteleggingstilskot og Inkluderings- og mangfoldsdirektoratet (IMDI). Også årsmøte og alle styremøte vart gjennomførte digitalt, med god deltaking.

*Kursstatistikk for Vestfold og Telemark:*

| ÅR | KURS | TIMAR | DELTAKARAR | TILSKOT |
|---|---|---|---|---|
| 2021 | 489 | 13 853 | 4 466 | 1 942 428 |
| 2020 | 529 | 14 938 | 4 170 | 2 138 966 |

*Fordeling på fylkeslag/regionlag for kurs i 2021:*

| ORGANISASJON | KURS | TIMAR | DELTAKARAR | TILSKOT |
|---|---|---|---|---|
| Forbundet KYSTEN | 4 | 182 | 36 | 21 165 |
| Frilynt Norge | 37 | 1 597 | 408 | 189 800 |
| Human-Etisk Forbund | 84 | 1 723 | 1 335 | 182 108 |
| Nettverket for regionale teaterråd | 54 | 871 | 212 | 105 500 |
| Noregs Ungdomslag i Vestfold | 13 | 244 | 127 | 29 525 |
| Telemark Ungdomslag | 6 | 171 | 56 | 20 125 |
| Telemark Bygdekvinnelag | 17 | 203 | 143 | 39 450 |
| Vestfold Bygdekvinnelag | 3 | 74 | 43 | 27 653 |
| Telemark Husflidslag | 102 | 3 838 | 641 | 407 600 |
| Vestfold Husflidslag | 116 | 2 996 | 847 | 337 275 |
| Norsk Amatørteaterforbund | 4 | 473 | 44 | 77 925 |
| Norsk Folkedraktforum | 10 | 146 | 42 | 7 300 |
| Norske Historiske spel | 6 | 561 | 32 | 70 125 |
| Seniordans Norge, region Telemark | 10 | 178 | 244 | 22 250 |
| Seniordans Norge, region Vestfold | 12 | 262 | 144 | 31 698 |
| Studieforbundet kultur og tradisjon | 8 | 320 | 90 | 371 179 |
| Slekt og Data Vestfold | 3 | 14 | 22 | 1 750 |
| **SUM** | **489** | **13 853** | **4 466** | **1 942 428** |

# AGDER

ORGANISASJONSNUMMER: 898196992

*Styremedlemmar:*

- Torgeir Tønnevold Fiane, Aust-Agder Ungdomslag
- Tor-Steinar Fromreide, Vest-Agder Ungdomslag
- Ragnhild Smesland, Vest-Agder Husflidslag
- Aud Kari Olsbu, Aust-Agder Husflidslag
- Kari Aslaug Mysen, Vest-Ager Ungdomslag
- Tore Berntsen, Agder Fylkeskystlag
- Bente Hove Lyding, Aust-Agder Husflidslag

*Representantar i Vofo fylkesutval Vestfold og Telemark:*

- Torgeir Tønnevold Fiane, Aust-Agder Ungdomslag
- Ragnhild Smesland, vara, Vest-Agder Husflidslag

Det vart heller ikkje i 2021 delt ut fylkeskommunalt tilskot til studieforbunda i Agder. SKT Agder gjennomførte to digitale kurs på Zoom for medlemsorganisasjonane, eitt om Kursportalen og eitt om inkludering og tilretteleggingsmidlar, begge med god deltaking. Styremøtet og årsmøtet var og gjennomført på Zoom. Det er gjeve høyringssvar om «Frivillighetsstrategi for Agder 2022-2030» frå SKT Agder.

*Kursstatistikk for Agder:*

| ÅR | KURS | TIMAR | DELTAKARAR | TILSKOT |
|---|---|---|---|---|
| 2021 | 235 | 7 150 | 1 859 | 785 664 |
| 2020 | 213 | 6 692 | 1 511 | 632 903 |

*Fordeling på fylkeslag/regionlag for kurs i 2021:*

| ORGANISASJON | KURS | TIMAR | DELTAKARAR | TILSKOT |
|---|---|---|---|---|
| Folkeakademienes Landsforbund | 3 | 33 | 18 | 22 775 |
| Forbundet for norske museumsvenner | 2 | 116 | 8 | 14 500 |
| Forbundet KYSTEN | 23 | 1 110 | 151 | 119 599 |
| Frilynt Norge | 1 | 58 | 8 | 7 250 |
| Human-Etisk Forbund | 39 | 753 | 530 | 79 586 |
| Norges Tangoforbund | 2 | 17 | 23 | 2 125 |
| Norsk Amatørteaterforbund | 5 | 311 | 32 | 37 075 |
| Seniordans Norge, region Sørlandet | 16 | 347 | 192 | 39 160 |
| Aust-Ager Ungdomslag | 9 | 226 | 76 | 27 875 |
| Vest- Ager Ungdomslag | 15 | 353 | 128 | 42 250 |
| Aust-Agder Bygdekvinnelag | 10 | 233 | 66 | 29 125 |
| Vest-Agder Bygdekvinnelag | 9 | 306 | 59 | 38 250 |
| Aust-Agder Husflidslag | 33 | 1 387 | 186 | 163 884 |
| Vest-Agder Husflidslag | 65 | 1 882 | 350 | 147 000 |
| Slekt og Data Vest-Agder | 1 | 4 | 9 | 13 460 |
| Slekt og Data Aust-Agder | 2 | 14 | 23 | 1 750 |
| **SUM** | **235** | **7 150** | **1 859** | **785 664** |

# ROGALAND

ORGANISASJONSNUMMER: 997645227

*Styremedlemmar:*

- Kristin B. Rasmussen, Rogaland Husflidslag
- Anne Margrethe Myhre, Rogaland Husflidslag
- Synnøve Jørgensen, Rogaland Ungdomslag
- Einar Schibevaag, Rogaland Mållag
- Rolf Atle Kristoffersen, Folkeakademiet Rogaland

*Representantar i Vofo fylkesutval i Rogaland:*

- Einar Schibevaag, Rogaland Mållag
- Rolf Atle Kristoffersen, vara, Folkeakademiet Rogaland

Studieforbundet kultur og tradisjon i Rogaland har hatt digitale møteplassar og aktivitet også i 2021 og har ei auke i kurs for 2021.

*Kursstatistikk for Rogaland:*

| ÅR | KURS | TIMAR | DELTAKARAR | TILSKOT |
|---|---|---|---|---|
| 2021 | 282 | 6 101 | 2 411 | 637 567 |
| 2020 | 214 | 5 046 | 1 446 | 426 434 |

*Fordeling på fylkeslag/regionlag for kurs i 2021:*

| ORGANISASJON | KURS | TIMAR | DELTAKARAR | TILSKOT |
|---|---|---|---|---|
| Rogaland Fylkeskystlag | 7 | 360 | 40 | 44 700 |
| Fortidsminneforeningen | 2 | 16 | 31 | 2 000 |
| Frilynt Norge | 6 | 258 | 36 | 27 625 |
| Human-Etisk Forbund | 77 | 1 362 | 1 072 | 143 953 |
| Rogaland Mållag | 1 | 80 | 5 | 10 000 |
| Rogaland Ungdomslag | 16 | 415 | 121 | 48 125 |
| Rogaland Bygdekvinnelag | 8 | 138 | 89 | 39 250 |
| Rogaland Husflidslag | 130 | 2 459 | 672 | 194 139 |
| Norsk Amatørteaterforbund | 15 | 678 | 143 | 83 250 |
| Norsk Folkedraktforum | 1 | 20 | 4 | 1 000 |
| Seniordans Rogaland nord | 4 | 117 | 59 | 14 625 |
| Seniordans Rogaland sør | 11 | 173 | 120 | 20 925 |
| Studieforbundet kultur og tradisjon | 4 | 25 | 19 | 7 975 |
| **SUM** | **282** | **6 101** | **2 411** | **637 567** |

# VESTLAND

ORGANISASJONSNUMMER: 997898036

*Styremedlemmar:*

› Gunn Hauge, Hordaland Husflidslag
› Kari Esaiassen, Sogn og Fjordane Husflidslag
› Liv Hadsel Bjerknes, Vestland Fylkeskystlag
› Oddrun Eldbjørg Larsen, Hordaland Ungdomslag
› Bjørg Haukeland Gravdal, Seniordans Norge-Region Hordaland
› Christoffer Knagenhjelm, Sogn og Fjordane Ungdomslag

*Representantar i Vofo fylkesutval i Vestland:*

› Gunn Hauge, Hordaland Husflidslag
› Bjørg Haukeland Gravdal, vara, Seniordans Norge – Region Hordaland

Det er gjennomført digitale kurs for motivasjon og opplæring i Kursportalen for medlemsorganisasjonane i Vestland, og mange nye medlemslag har fått opplæring i korleis ein brukar digitale møteplassar som Zoom og Teams.

*Kursstatistikk for Rogaland:*

| ÅR | KURS | TIMAR | DELTAKARAR | TILSKOT |
|---|---|---|---|---|
| 2021 | 439 | 12 710 | 3 886 | 1 446 644 |
| 2020 | 405 | 9 986 | 3 213 | 982 060 |

*Fordeling på fylkeslag/regionlag for kurs i 2021:*

| ORGANISASJON | KURS | TIMAR | DELTAKARAR | TILSKOT |
|---|---|---|---|---|
| Båtlaget Braute | 9 | 331 | 40 | 40 525 |
| Folkeakademienes Landsforbund | 9 | 239 | 50 | 29 875 |
| Vestland Fylkeskystlag | 22 | 829 | 137 | 99 836 |
| Fortidsminneforeningen | 3 | 78 | 18 | 9 750 |
| Frilynt Norge | 27 | 1 741 | 210 | 216 650 |
| Human-Etisk Forbund | 99 | 2 231 | 1 302 | 235 800 |
| Knipleforeningen i Norge | 1 | 12 | 5 | 1 500 |
| Hordaland Mållag | 2 | 36 | 23 | 4 500 |
| Hordaland Ungdomslag | 12 | 425 | 93 | 52 975 |
| Sogn og Fjordane Ungdomslag | 12 | 299 | 104 | 32 005 |
| Hordaland Bygdekvinnelag | 1 | 4 | 5 | 500 |
| Hordaland Husflidslag | 115 | 2 336 | 664 | 239 525 |
| Sogn og Fjordane Husflidslag | 21 | 486 | 113 | 48 182 |
| Norges Tangoforbund | 1 | 38 | 5 | 3 550 |
| Norsk Amatørteaterforbund | 3 | 368 | 16 | 47 058 |
| Norsk Folkedraktforum | 3 | 60 | 12 | 3 000 |
| Seniordans Norge, region Hordaland | 42 | 977 | 503 | 110 925 |
| Seniordans Norge, region Sogn og Fjordane | 28 | 620 | 327 | 74 688 |
| Slekt og Data Hordaland | 3 | 18 | 19 | 900 |
| Stiftinga Vestnorsk Kulturakademi | 7 | 156 | 87 | 19 200 |
| Vestlandske Teatersenter | 19 | 1 426 | 153 | 175 700 |
| **SUM** | **439** | **12 710** | **3 886** | **1 446 644** |

# MØRE OG ROMSDAL

ORGANISASJONSNUMMER: 989367722

*Styremedlemmar:*

› Anne Juveli Ludvigsen, Møre og Romsdal Husflidslag
› Jonny Lyngstad, Slekt og Data Møre og Romsdal
› Marianne Fivelstad, Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag
› Nelly Marie Ytterli, Møre og Romsdal Bygdekvinnelag
› Aud Solveig Malmedal, Nordmøre og Romsdal Ungdomslag
› Marinne Dahle Solemsjø, Møre og Romsdal Husflidslag
› Roger Rach Larsen, Slekt og Data Møre og Romsdal
› Kari Kolseth, Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag

*Representantar i Vofo fylkesutval i Vestland:*

› Anne Juveli Ludvigsen, Møre og Romsdal Husflidslag
› Jonny Lyngstad, vara, Slekt og Data Møre og Romsdal

Så godt som heile styret i SKT Møre og Romsdal var nytt i 2021, og dette førte til at det også måtte gjennomførast nyvalg av representanter til Vofo fylkesutval for inneverande periode.



RÅSEILSEMINAR 2021 VI FLYT PÅ VINDEN
FOTO: TORUNN ELISE KVEEN

*Kursstatistikk for Møre og Romsdal*

| ÅR | KURS | TIMAR | DELTAKARAR | TILSKOT |
|---|---|---|---|---|
| 2021 | 203 | 4 526 | 1 768 | 555 167 |
| 2020 | 179 | 3 873 | 1 574 | 382 959 |

*Fordeling på fylkeslag/regionlag for kurs i 2021:*

| ORGANISASJON | KURS | TIMAR | DELTAKARAR | TILSKOT |
|---|---|---|---|---|
| Frilynt Norge | 28 | 591 | 253 | 73 650 |
| Human-Etisk Forbund | 31 | 633 | 429 | 66 903 |
| Nordmøre Mållag | 7 | 108 | 38 | 48 472 |
| Nordmøre og Romsdal Ungdomslag | 9 | 314 | 62 | 37 425 |
| Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag | 9 | 353 | 99 | 43 375 |
| Møre og Romsdal Bygdekvinnelag | 10 | 142 | 82 | 31 200 |
| Møre og Romsdal Husflidslag | 63 | 1 434 | 375 | 149 692 |
| Norsk Amatørteaterforbund | 2 | 32 | 12 | 4 000 |
| Norsk Folkedraktforum | 4 | 80 | 16 | 4 000 |
| Norsk Quilteforbund | 3 | 63 | 27 | 4 575 |
| Norske historiske spel | 2 | 232 | 15 | 29 000 |
| Seniordans Møre og Romsdal | 15 | 372 | 212 | 46 500 |
| Slekt og Data Møre og Romsdal | 20 | 172 | 148 | 16 375 |
| **SUM** | **203** | **4 526** | **1 768** | **555 167** |

# TRØNDELAG

ORGANISASJONSNUMMER: 984208006

*Styremedlemmar:*

› Ann Tove Rønning, Trøndelag Husflidslag nord
› Ola Lilleøkdal, Seniordans Trøndelag sør
› Dagrun Gravbrøt, Seniordans Trøndelag nord
› Ranveig Stuenes, Sør-Trøndelag Husflidslag
› Tove Solvang Rian, Trøndelag Husflidslag nord
› Brynhild Aftret, Sør-Trøndelag Historielag

*Representantar i Vofo fylkesutval Trøndelag:*

› Ann Tove Rønning, Trøndelag Husflidslag nord
› Tove Solvang Rian,vara, Trøndelag Husflidslag nord

SKT Trøndelag har hatt god auke i kurs, kurstimar og deltakarar frå 2020 til 2021. Det har og vore god deltaking på styremøta og fylkesleddsamling frå regionen.

*Kursstatistikk for Trøndelag*

| ÅR | KURS | TIMAR | DELTAKARAR | TILSKOT |
|---|---|---|---|---|
| 2021 | 524 | 17 961 | 4 860 | 2 100 778 |
| 2020 | 426 | 12 937 | 3 545 | 1 355 077 |

*Fordeling på fylkeslag/regionlag for kurs i 2021:*

| ORGANISASJON | KURS | TIMAR | DELTAKARAR | TILSKOT |
|---|---|---|---|---|
| Forbundet KYSTEN | 8 | 340 | 56 | 42 500 |
| Fortidsminneforeningen | 2 | 75 | 15 | 9 375 |
| Frilynt Norge | 97 | 6 501 | 887 | 693 303 |
| Human-Etisk Forbund | 99 | 1 958 | 1 312 | 206 946 |
| Landslaget for lokalhistorie | 2 | 76 | 8 | 9 500 |
| Noregs Mållag | 2 | 16 | 7 | 4 400 |
| Inntrøndelag Ungdomssamlag | 17 | 751 | 118 | 88 550 |
| Sør-Trøndelag Ungdomslag | 8 | 396 | 77 | 46 575 |
| Nord-Trøndelag Bygdekvinnelag | 11 | 347 | 81 | 41 950 |
| Sør-Trøndelag Husflidslag | 82 | 2 407 | 471 | 225 375 |
| Trøndelag Husflidslag Nord | 86 | 1 556 | 605 | 171 154 |
| Norsk Amatørteaterforbund | 30 | 1 620 | 251 | 217 025 |
| Norsk Folkedraktforum | 2 | 72 | 12 | 9 000 |
| Norske Historiske spel | 1 | 123 | 14 | 15 375 |
| Seniordans Trøndelag nord | 26 | 566 | 328 | 128 850 |
| Seniordans Trøndelag sør | 45 | 1 062 | 581 | 147 175 |
| Slekt og Data Sør-Trøndelag | 5 | 55 | 31 | 7 725 |
| Studieforbundet kultur og tradisjon | 1 | 40 | 8 | 75 000 |
| **SUM** | **524** | **17 961** | **4 860** | **2 100 778** |

*Røros folkedanslag er medlem i Østerdal UL

# NORDLAND

ORGANISASJONSNUMMER: 999563430

*Styremedlemmar:*

› Mari-Ann Laastad, Nordland Husflidslag
› Morten Nilsen, Nordland Ungdomslag
› Margrete Djupvik, Nordland Ungdomslag

*Representantar i Vofo fylkesutval Nordland:*

› Karin-Johanne Ness, Nordland Husflidslag
› Margrete Djupvik, vara, Nordland Husflidslag

SKT Nordland har heller ikkje i 2021 fått fylkeskommunal støtte til opplæring av vaksne i frivillige organisasjonar, eit tilskot Nordland fylkeskommune ikkje har delt ut på fleire år. Med heilt nytt styre etter årsmøtet i 2021, har det ikkje vore stor aktivitet utanom styremøte og deltaking på fylkesleddsamlinga hausten 2021. Likevel har aktiviteten i lokallaga vore aukande gjennom året, mykje på grunn av aktive fylkeslag i medlemsorganisasjonane.

*Kursstatistikk for Trøndelag*

| ÅR | KURS | TIMAR | DELTAKARAR | TILSKOT |
|---|---|---|---|---|
| 2021 | 204 | 5 515 | 1 727 | 591 377 |
| 2020 | 168 | 4 460 | 1 179 | 333 975 |



SPIKKING AV SLEIV
FOTO: TORUNN ELISE KVEEN

*Fordeling på fylkeslag/regionlag for kurs i 2021:*

| ORGANISASJON | KURS | TIMAR | DELTAKARAR | TILSKOT |
|---|---|---|---|---|
| Forbundet KYSTEN | 20 | 887 | 103 | 106 375 |
| Human-Etisk Forbund | 39 | 707 | 525 | 74 725 |
| Hålogaland Amatørteaterselskap (Hats) | 4 | 207 | 25 | 25 875 |
| Nordland Husflidslag | 97 | 2 678 | 677 | 220 002 |
| Nordland Ungdomslag | 17 | 328 | 125 | 79 050 |
| Norsk Quilteforbund | 1 | 30 | 7 | 3 750 |
| Helgeland Seniordans | 7 | 195 | 82 | 23 350 |
| Lofoten Seniordans | 3 | 68 | 46 | 8 500 |
| Salten Seniordans | 6 | 132 | 47 | 16 500 |
| *Seniordans Norge i Nordland | 10 | 283 | 90 | 33 250 |
| **SUM** | **204** | **5 515** | **1 727** | **591 377** |

*Seniordans Norge i Nordland tel kurs til fylket der lokallaget høyrer under fylkeslag i andre fylke. Dette gjeld for lag tilknytt Seniordans Troms og Seniordans Trøndelag nord. Dette er fordi fleire lag valde å gå inn i Troms Seniordans da Ofoten Seniordans og Vesterålen Seniordans vart avvikla som regionlag. Desse kursa vil kome til syne i statistikken for SKT Nordland sjølv om lokallaga høyrer inn under Seniordans Troms.

# TROMS OG FINNMARK

ORGANISASJONSNUMMER: 997971833

*Styremedlemmar:*

› Maaike Halbertsma, Finnmark Husflidslag
› Svein Thomassen, Finnmark Ungdomslag
› Audhild Myrvoll, Seniordans Norge region Troms
